

## **Høyringsuttale om endring i Lov om stadnamn**

Etnedal mållag i Valdres har på styremøte 30. juli 2012 drøfta saka om endring i lov om stadnamn.

Etnedal mållag meinar at dei norske stadnamna er av interesse for alle, og at det difor er ei offentleg oppgåve å fastsetje skrivemåten.

Mange namn har opp gjennom tida fått forvanska dei opprinnelege namna på folkemunne.

Gamle dokument har ofte ulike og feilaktige namn, og det vil vera svært uheldig dersom slike skrivemåtar kan bli offisielle.

Den nedarva uttale-måten er oftast mykje eldre enn også dei eldste nedskrivne namna.

Sjølv om den nedarva uttalen kan ha endra seg mykje, viser den gjerne attende til det opphavelege.

Stadnamna er historiske dokument som fortel mykje om fortida og levevis i eldre tider.

Etnedal mållag meinar at stadnamnlova som ho fungerer i dag tek godt vare på gards- og bruksnamn, og at Stortinget ikkje må gjera endringar i stadnamnlova, men halde fram med namnefastsetjinga som før.

Etnedal 30. juni 2012

Ingun Kompen (skrivar i Etnedal mållag)